

Boka til Kristian Hus kan du kjøpa på SPAR.

05.11.2020



No kan du få kjøpt boka til Kristian Hus på SPAR.

Den siste boka til Kristian Hus, *Skimt frå livet og lokalmiljøet gjennom 80 år*, kan du no få kjøpt på SPAR, Uskedalen. I boka på 190 sider finn du mykje stoff og artiklar frå eit langt liv i mediabransjen i Kvinnherad. I boka kan vi også lesa om barndom, oppvekst og ungdomstid i Rosendal før utdanning som typograf og avismann.

Mange i Uskedalen vil kjenna seg att i mykje av innhaldet i boka. Det gjeld både frå det politiske livet og frå viktige hendingar frå 1950 talet og fram til i dag.

Flyulukka med Erik Kloumann i 1954 er ei av mange hendingar som er skrive om i boka. Ulukka har fått mykje merksemd på Facebook den siste tida. Hendinga med mange spekulasjonar og uvisse har ofte vore omtalt i Uskedalen, særleg fordi det vart høyrte lyd før flyet styrta på Halsnøy og at leitinga også omfatta fjella i Uskedalen. Kloumann vart aldri funnen.

Ei anna hending som fleire uskedalingar kjenner godt til, er rasulukka i Mauranger 9. januar 1970 der sju arbeidarar på Folgefonnaanlagga omkom. Fire om dei omkomne kom frå Kvinnherad.

Ubåtjakta i Husnesfjorden og ved Ølfarnes kring 1. mai 1983 er omskriven. Det same er Vikingfilmen med Maurangneset som arena for innspeling i 1957. Filmen hadde framsyning på Uskedal Kino nokre år etter.

Som sagt: Gjenkjenningfaktoren i boka er svært høg. Spring og kjøp.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Hus